

SceneStatistikk.no

Teatret Vårt (2013)

Generert:2019-09-05T16:58:59.533691+02:00

Rapportstatus:Sendt inn

Egenproduksjoner:

Forestillinger	Publikum	Forestillinger i DKS	Publikum - DKS grunnskolen	Publikum - DKS videregående
Lilla	16	974	0	3946
Samson og Roberto	40	4430	0	0
La Béte	25	1295	0	0
Panikk i kulissene	23	2569	0	0
Perpleks	22	1436	0	0
Balladen om et paddetryne	19	934	0	0
Hvit	3	260	14	921
Blendahvitt	13	755	0	0
Hundedagane	0	0	12	2251
Mor for enhver pris	10	470	0	0
Vår underfulle verden	6	503	0	0
Tideverv	6	205	0	0
En komikers oppvekst			4	740
Jepp	2	400	0	0
Sidescenearrangement	80	3204	0	0

Samproduksjoner:

Forestillinger	Publikum	Forestillinger i DKS	Publikum - DKS grunnskolen	Publikum - DKS videregående
Snekker Andersen og julenissen	11	1594	0	0
Klokketid og Sjeletid	5	587	0	0
Bokdykk	2	64	0	0
Konsert Julebord 2013	10	887	0	0

Gjestespill:

Forestillinger	Publikum	Forestillinger i DKS	Publikum - DKS grunnskolen	Publikum - DKS videregående
Doktor Proktors prompepulver	4	809	0	0
Klatremus og de andre dyrene i hakkebakkeskogen	1	658	0	0
Abrahams barn	1	668	0	0
Tvillingsjeler	1	202	0	0
Bedrag	2	400	0	0
MOVE	1	195	0	0
Bikubesong	1	406	0	0
Mens vi venter på Godot	1	177	0	0
Patina	1	217	0	0
Alice i eventyrland	2	275	0	0

Samproduksjoner formidlet av samprodusent:

Forestillinger	Publikum	Forestillinger i DKS	Publikum - DKS grunnskolen	Publikum - DKS videregående
----------------	----------	----------------------	-------------------------------	--------------------------------

**1 ET PROFESJONELT TILBUD AV TEATER-, OPERA-,
DANSEFORESTILLINGER OG ANDRE SCENEKUNSTUTTRYKK OVER HELE
LANDET**

1.1.1 Totalt antall forestillinger:

358

1.1.2 Antall forestillinger på egen scene/fast arena:

244

1.1.3 Antall forestillinger på turné i Norge:

89

1.1.4 Antall forestillinger i utlandet:

4

1.1.5 Antall mottatte gjestespill.

10

1.1.6 Antall transmisjoner:

0

1.1.7 Antall forestillinger formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken:

50

2 HØY KVALITET GJENNOM UTVIKLING OG FORNYELSE

2.1.1 Totalt antall produksjoner:

29

2.1.2 Antall egne produksjoner:

15

2.1.3 Antall uroppføringer:

3

2.1.4 Antall produksjoner av norsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater fra de siste 15 år:

7

2.1.5 Antall produksjoner av utenlandsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater fra de siste 15 år:

6

2.1.6 Antall produksjoner med norsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater rettet mot barn og unge:

3

2.1.7 Antall produksjoner av ny norsk koreografi:

0

2.1.8 Antall produksjoner av ny utenlandsk koreografi:

0

2.1.9 Omtale av de kvaliteter ved institusjonen som best uttrykker kunstnerisk egenart og strategier for videre utvikling av disse:

Teatret Vårt sin egenart er evna og viljen til å jobbe i prosess med avsett i den aktuelle samfunnsdebatten. Vår fysiske ramme i PLASSEN er teorien om gjensidig publikumsutvikling omsatt til praksis. Vi har unike føresetnad for å undersøke kryssfelte mellom, scenekunst, musikk, litteratur og kunst. Etter det første året med full drift i det nye bygget vårt ser vi eit tydeleg bilde av eit moderne teater som veit at publikumsutvikling ikkje berre handlar om terskelsenking. Vi skaper scenekunst som vårt kjerneprodukt, men jobbar i tillegg målretta med formidling og andre format som inviterer til aktiv deltaking og meningsutveksling. Huset vårt er åpent for interessegrupper og private. PLASSEN er blitt fylkets nye storstue. Vi forsøker å skape tilbod til alle, med folkelege så vel som eksperimenterande framsyningar.

3 NÅ HELE BEFOLKNINGEN

3.1.1 Totalt antall publikum:

32432

3.1.2 Antall publikum på billetterte arrangement, og spesifisert for antall publikum med fribilletter og sponsorbilletter:

29404

3.1.2.1 Herav fribilletter:

3506

3.1.2.2 Herav sponsorbilletter:

664

3.1.3 Antall publikum på egen scene/fast arena:

21297

3.1.4 Antall publikum på turnéforestillinger i Norge:

8847

3.1.5 Antall publikum i utlandet:

239

3.1.6 Antall publikum på egenproduserte produksjoner:

21689

3.1.7 Antall publikum på mottatte gjestespill:

4007

3.1.8 Antall publikum formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken - grunnskolen:

3912

3.1.9 Antall publikum formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken - videregående skole:

3946

3.2.1 Antall produksjoner rettet mot barn og unge:

10

3.2.2 Antall forestillinger rettet mot barn og unge:

134

3.2.3 Antall publikum på forestillinger rettet mot barn og unge:

16434

3.3.1 Totalt antall produksjoner:

2

3.3.2 Totalt antall forestillinger:

12

3.3.3 Totalt antall publikum:

708

4 STØRRE MANGFOLD

4.1.1 Rapport om strategier og gjennomførte planer for å rekruttere og kvalifisere skuespillere og annet kunstnerisk personale med minioitetsbakgrunn:

Teatret Vårt er en viktig regional pådrivar i et inkluderande og mangfaldig kulturarbeid. Vi er ein arbeidsplass med tilsette frå over ti land. I rekrutteringsprosessane på Teatret Vårt ligg det eit ønskje om å skape ei moderne bedrift som i si samansetjing speglar av si samtid. Møre og Romsdal har i dei siste ti åra utvikla seg til eit langt meir multikulturelt fylke. Det ønskjer vi at Teatret Vårt også gjer.

4.2.1 Rapport om strategier og gjennomførte tiltak for publikumsarbeid som også inkluderer minoritetsbefolkningen:

Teatret Vårt er med på ordninga «Opplevelseskortet». Dette er eit kort som gir barn og unge i alderen 2-16

år i låginntektsfamiljar gratis tilgang til kultur- og fritidsaktivitetar. Ordninga er eit samarbeid mellom private aktørar, fylkeskommunen, NAV og kommunane i Møre og Romsdal. Framsyninga «Hvit» for 2-4 åringar tematiserer nettopp kontrasten mellom mangfald og monokultur og spilte på turne i barnehagar. Vi er fast samarbeidspart og medstiftar av Bjørnsonfestivalen og har i 2013 jobba tett saman med etiopiske Hika Dhugassa som er fribyforfattar i Molde. Samarbeidet hans med den fast tilsette skodespelaren Valborg Frøysnes resulterte i urpremiera på framsyninga «Blendahvitt», som kvardagsrasisme som tema. Her samarbeidet vi med PRESS, ungdomsorganisasjonen til Røde Kors. Vi samarbeider med NAV om utplassering. Vi hadde i 2013 3 forskjellige utplasseringar. Ei litauisk kvinne i språktrening, ein yngre mann med nedsett arbeidsevne og ei norsk kvinne med behov for arbeidstrening i samband med prosess for omskulering. Vi har hatt ein enorm auke i talet på arrangement i tilknytning til framsyningane våre. Vi ønskjer å fortsette med å skape møteplasser for meining-utveksling og aktiv deltaking. Vi gjennomførte for første gangen prosjektet «Oppdag Molde» som var en familiedag for nye tilflyttarar av alle nasjonalitetar. Vi var pådrivar i eit samarbeid med Røde Kors, asylmottaket, voksenopplæringscenteret og Romsdalsmuseet. Det var ein populær dag med stort oppmøte. Vi har valt å gjøre dette til ein årlig tradisjon og har nå også Molde Fotballklubb med på laget. Vidare tek vi på oss oppgåva med sosialt å inkludere gjennom å produsera framsyningar som retter seg særskilt til eit eldre publikum. Vi vil ta inn over oss at folk lever lengre, og at publikumsgruppa eldre menneske blir stadig større. Dei eldre er også friskare og har mye fritid. Fleire og fleire ønskjer seg en innhaldsrik fritid med aktiv deltaking i et kulturtilbod. I mai månad tok vi opp igjen framsyninga Vår underfulle verden, som vi produserte i 2012. Med midlar frå Forskning Midtnorge gjennomførte vi saman med ei forskingsgruppe frå høvesvis Høgskulen i Molde og Bergen Universitet eit forskingsprosjekt; All verden er en scene, med fokus på teater som kommunikasjonsmiddel i helse-systemet. Gøril Haukebø og Daniel Karlsson spelar mor og godt voksen son i denne fine og poetiske skildringa av gangen i eit demens sjuketilfelle. Vi gjennomførte gjestespill i Bergen 7. mai og i Trondheim 15. mai for utvalte testgrupper av behandlar og pårørende til demente, som i etterkant ble intervjuet av forskarane. Å kunne delta i eit profesjonelt forskningsprosjekt var ein verdifull erfaring om korleis teatret kan halde seg i kontakt med den omgivande røyndomen. Samtidig var det en fin anledning til å fortsette arbeide med å fortelle moderne historier om det å eldes. Framsyninga «Tideverv» ble utvikla til å kunne spille på eldresentre over heile fylket og har blitt strålande mottatt. Vi planlegg ein lengre turne og tar framsyninga med over i 2014.

4.3.1 Rapport om strategier og gjennomførte tiltak for å sikre at kvinner og menn får like muligheter til kunstfaglige, tekniske og administrative posisjoner:

Likestilling på Teatret Vårt er ein realitet. 4 av 7 styremedlemmer er kvinner, deriblant styreleiar. Kunstnarleg leiar av barneteatret er kvinne og 3 ut av 4 fast tilsette skodespelarar er kvinner. 19,5 årsverk av i alt 39,5 årsverk i 2013 er gjort av kvinner.

5 EFFEKTIV RESSURSUTNYTTELSE

5.1.1 Omtale av tiltak for å sikre god økonomistyring:

Vi har no meir fokus på kontinuerleg kalkyler opp mot budsjetterammer i planlegging av produksjonar og gjennomføring av prøveperioden. Spesielt gjeld dette bygging av dekorasjonar, tillaging av rekvisittar og kostymer. I tillegg har vi fokus på rammer for turneverksemd, både riggetider, behovet for teknikarar til å gjennomføre ei framsyning. Ansvarer er no tydelegare fordelt på dei einskilde avdelingane/fagområda. Større aktivitet og behovet for koordinering både mellom teatret sin produksjons- og framsyningsaktivitet i Molde, Ålesund og på turne gjer at vi no har hyppigare planleggingsmøter. Der blir også behovet spesielt for kunstnarleg og tekniske tenester vurdert, også opp mot sal av timar for teknikarar og ynske om større eller mindre samarbeid spesielt mot dei andre institusjonane på Plassen. Vi er i prosess med å evaluere betre planleggingsverktøy for å kunne handtere dette på ein meir effektiv måte som og sikrar god og påliteleg informasjonsspreiing til tilsette og dei 4 andre institusjonane. Vi ynsker å ta høgde for auka aktivitet i det nye huset og drift av kafé og eigen drift av hus. Vi har samarbeid med eit regnskapsbyrå for å sikre kompetanse, gode sikkerheitsrutinar og lave kostnader med økonomi og regnskapssystem. God og aktiv dialog med revisor for å betre budsjetteringsprosessar og økonomioppfølging.

5.1.2 Omtale av tiltak for å sikre god ressursutnyttelse:

Samarbeid mellom dei 5 institusjonane i det nye kulturbygget Plassen med fokus på kostnadseffektiv drift, redusere risiko og høgare kvalitet på våre interne tenester og mot publikum. God planlegging av eigenproduksjonar og koordinering av ressursar mellom Teatret Vårt i Molde og Barneteatret Vårt i Ålesund. Oftare planleggingsmøter og betre planlegging med ein lengre tidshorison. Teatret har framleis egne transportmiddel for turne. Vi designar sjølve vårt marknadsmateriell og annonser. Vi har i 2013 investert i CRM systemet Superoffice. Systemet er med på å gi betre kvalitet, forenkla og effektivisere kontakten med kundegrupper og samarbeidspartar. Systemet er i bruk til å sende ut tilbod og informasjon, og gir ein strukturert oversikt over korrespondanse, avtalar og prosjekt. Vi har også gått over til eit nytt billettsystem (Venuepoint). Dette har vi

gjort i samarbeid med Storyville Jazz Club, og Bjørnsonfestivalen. Dette gjer at vårt publikum kan på ein enklare måte kjøpe billetter på alle arrangement på Plassen. Planen er at frå 2015 skal Molde Internasjonal Jazz Festival også ta i bruk dette systemet. Med dette systemet kan ein ha enklare oppfølging av publikum som har kjøpt billett enten med å sende ut sms eller e-post. Den interne effekten av systemet er enklare oppgjør og regnskapsføring, spesielt ved sal av pakkar (billett og mat etc).

5.1.3 Resultat av effektiviseringstiltak i drift og produksjon, herunder kvalitetsforbedringer og kostnadsbesparelser:

Samarbeidet med dei 4 andre institusjonane på Plassen har gitt fylgjande effekt: Felles billettsystem i felles billettskranke som er lokalisert i publikumsskranken til biblioteket. Bibliotektilsette har fått opplæring i billettsystemet og ekstrahjelp for biblioteket er dei same som teatret sine billettselgarar. Dette gir betre kvalifiserte tilsette, meir direkte og einsretta informasjon til publikum og eit meir effektivt og målretta system for informasjon og billettsal. Felles aktivitetsplan for 5 institusjonar i Plassen koordinert av teatrets produsent i god dialog med jazzfestivalen og dei andre institusjonane. I eit så kompakt hus med høg aktivitet og mykje felles areal er dette ei av dei viktigaste oppgåvene for å kunne utnytte arealet på ein god måte med minimalt behov for leie av eksterne areal til prøver, konsertar og framsyningar. Vi greier også å gjennomføre gjestespel frå bl. anna Riksteatret og utleie til andre eksterne aktørar. Felles lokalisering av rekneskap og lønnstenester for Teatret Vårt og Moldejazz gjer at vi greier også å administrere Molde Kulturbygg AS (eigar av bygget). Vi får ein effektiv ressursutnytting med breiare kompetanse samstundes som vi er mindre sårbar for sjukdom. Dette gjeld også for tekniske tenester, der spesielt Moldejazz kjøper tenester frå Teatret Vårt. Vi deler felles IT system, har same kalender for booking av møter og møterom. Vi deler felles kopimaskin. Vi generer fleire publikumsopplevingar saman, og det med ein høgare kvalitet. Dette til dømes ved at ein skodespelar deltek i eit litteraturprogram i regi biblioteket eller Bjørnsonfestivalen. Vi utvekslar nettverkskontaktar og samla kompetanse gjer det mogeleg å få til delfinansiering av nye samarbeidsprosjekter. Sjå elles punkt under 5.1.2

5.1.4 Utvikle systemer for risikovurdering:

Teatret Vårt er medlem av Molde Bedriftshelseteneste. Vi har etablert eiga digital HMS handbok (Compendia) som vi har utvida til også å omhandle Plassen. Ein del av denne HMS handboka tek føre seg å gjennomføre sikker jobbanalyser for alle våre arbeidsoppgåver tilknytt risiko. Dette arbeidet er vidareført etter innflytting i nytt bygg. Det er og gjennomført analyser i forbindelse med turneverksemnd. Molde eigeendom er ansvarleg for teknisk drift av bygget og har rutinar for gjennomgang av tekniske installasjonar. Teatret Vårt administrerer serviceavtalar for scenerteknikk, mens Molde eigeendom administrerer serviceavtalar for heiser og tekniske anlegg. Vi gjennomfører vernerunde i kva nye dekorasjon før premiere.

5.2.1 Strategiplan rullert for kommende 4 år:

1. Å nå eit breitt og stort publikum med kvalitetsframsyningar. 1.1 Vi har som mål å produsere 8 framsyningar om året i Molde, 3 barneframsyningar i Ålesund og mange eindagsarrangement. 1.2 Vi har som mål å oppnå eit publikumstal på 40000 1.3 Vi har som mål å bli rekna for eit av de viktigaste kunstnarlega teatra i Noreg. 2. Å vere i dialog med menneske frå alle aldersgrupper og samfunnslag. 2.1 Vi ønskjer full drift av Barneteatret Vårt i Ålesund i 2015 ved å produsere 3 produksjonar årleg. Vi vil fortsette etableringa av Barneteatret Vårt som regionalt kompetansesenter for barneteater og formidling av scenekunst til skoleverket. 2.2 Vi ønskjer å fortsette med å utvikle framsyningar for eldresegmentet med vekt på helse, kjærleik og det å bli gamal. 2.3 Vi ønskjer å fortsette med å utvikle ny dramatik med (avsett i?) for å påverke den offentlege debatten. 2.4 Vi ønskjer å invitere til meningsutvekslingar i forbindelse med framsyningane våre. 3. Å utvikle samarbeid med ulike aktørar lokalt, nasjonalt og internasjonalt. 3.1 Vi vil fortsette samarbeidet med våre 4 samboarar, Moldejazz, Biblioteket, Bjørnsonfestivalen og Møre og Romsdal Kunstsenter. 3.2 Vi ønskjer å utvide samarbeidet med kulturskolane i regionen. 3.3 Vi ønskjer å oppretthalde vår turneaktivitet og ta vare på rolla som kulturformidlar på dei mindre stadene i fylket. 3.4 Vi planlegg samarbeid med andre teater i Noreg så vel som utanlandske teater.

5.2.2 Redegjøre for de tiltak som er iverksatt for å nå målene i strategiplanen:

MÅLOPPNÅING 1 Å nå eit breitt og stort publikum med kvalitetsframsyningar. 1.1 Vi har som mål å produsere 8 framsyningar i året i Molde, 3 barneframsyningar i Ålesund og fleire eindagsarrangement. Vi har produsert 8 framsyningar i Molde, men berre 2 i Ålesund. Veksten i eindagsarrangementet har i 2013 vore kolossal og viser tydelege spor på statistikken vår. Målet er nådd, men vi ønskjer fortsatt å trappe opp aktiviteten på Barneteatret Vårt i Ålesund. 1.2 Vi har som mål å oppnå eit publikumstal på 40000. Vi har på berre eit år auka publikumstalet vårt med 30%. Vi har ennå ikkje nådd målet vårt. Særordninga Tiltak for skolebesøk i institusjonane har vore viktig for å auke besøkstalet på barne- og ungdomsframsyningar. Vi ser med bekymring at denne ordninga har falle bort og meiner mulighetene til ytterlegare auke i besøkstalet ligg i å styrke Barneteatret Vårt. Målet er ikkje nådd. 1.3 Vi har som mål å bli rekna for eit av de viktigaste kunstnarlege teatra i Noreg. Vi produserte i 2014 tre urpremierar og tre norgespremierar. I tillegg blei vi invitert til internasjonale festivalar i Dan-

mark og Tyskland, og spela på norske festivalar i Moss og i Bergen. Vi fekk to Hedda-nominasjonar. Både Teatret Vårt og Barneteatret Vårt vert rekna for eit av dei viktigaste kunstnarlege teatra i Noreg. Målet er nådd. 2 Å vere i dialog med menneske frå alle aldersgrupper og samfunnslag. 2.1 Vi ønskjer full drift av Barneteatret Vårt i Ålesund i 2014 og ønskjer produsera 3 produksjonar årleg. Ein ligg framleis bak planen for full drift. Likevel har forestillingane våre hausta flott kritikk og vi har klart å produsera to forestillingar og samtidig turnere med fjorårets produksjon. Målet er delvis nådd. 2.2 Vi ønskjer å fortsette med å utvikla framsyningar for eldressegmentet med vekt på helse, kjærleik og det å bli gamal. Forestillinga Tideverv er eit nytt produkt i denne rekka. Vi kan no reise ut til eldresentre og pensjonistklubbar i heile fylket. Vår underfulle verden var i 2013 kjernen i forskingsprosjektet all verden er en scene med fokus på teater som kommunikasjonsmiddel i helsevesenet. Å spele for pårørande og behandlarar for demente var viktig. Målet er nådd. 2.3 Vi ønskjer å fortsette samarbeidet med vaksenopplæringsenter og asylsenter om å fremme integrasjon. Samarbeidet Oppdag Molde blei mottatt flott og blir ein årleg tradisjon. Vi tilbyr gratis teaterbilletter til familiar på asylsenteret. Målet er nådd. 2.4 Vi ønskjer å fortsette å utvikle ny dramatikk med avsett i den offentlige debatten. Urpremieren på Blendahvitt er et eksempel på nettopp dette. Målet er nådd. 2.5 Vi ønskjer å invitere til mening-sutvekslingar i forbindelse med framsyningane våre. Den store veksten i arrangement med debatt og mening-sutvekslingar har styrka Teatret Vårt sin rolle som offentlig møteplass. Målet er nådd. 3 Å utvikle samarbeid med ulike aktørar lokalt, nasjonalt og internasjonalt. 3.1 Vi vil fortsette samarbeidet med våre 4 samboarar, Moldejazz, Biblioteket, Bjørnson Festivalen og Møre og Romsdal Kunstsenter. Vi har til saman skapt meir enn 600 arrangement. Målet er nådd. 3.2 Vi ønskjer å utvide samarbeidet med kulturskolane i regionen. Vi har stilt fasilitetane våre til rådighet for Molde Kulturskole sin eigen produksjon Alice og bidrege med lysdesign og teknisk assistanse. Snekker Andersen og Julenissen var ein samproduksjon kor kulturskoleelevar fekk mulighet til å vera med i ein profesjonell produksjon. Vi har inngått samarbeid med Kulturskolen i Ålesund og dramalina på Fagerlia vidaregåande i Ålesund om talentutviklingsprosjektet Tid til talent. På Barneteatret Vårt arbeider vi kontinuerleg saman med Jugendteatret i Ålesund. Målet er nådd over forventing. 3.3 Vi ønskjer å oppretthalde vår turneaktivitet og ta vare på rolla som kulturformidlar på dei mindre plassane i fylket. Vi har auka vår turneaktivitet og har påbegynt årlege dialogmøte med arrangørane på turnespelestadene våre. Vi har produsert ei rekke mindre forestillingar som lettare kan reise. Både Balladen om et paddetryne og Tideverv treng ikkje meir enn eit publikum og kan spele stort sett overalt. Målet er nådd. 3.4 Vi planlegg samarbeid med andre teater i Noreg så vel som utanlandske teater. Sjølv om vår søknad til EU med 11 andre europeiske teater i første omgang ikkje blei imøtekome, er vi no i gang med ein ny søknad. Vi har hatt gjestespel på to internasjonale festivalar og to norske. Dessutan har vi samarbeidd med Rockheim i Trondheim. Og i forbindelse med forskingsprosjektet All verden er en scene har vi gjesta Bergen og Trondheim. Vi planlegg samarbeid med Jugendstilsenteret i Ålesund. Målet er nådd.

5.2.3 Vurdering av egen mål- og resultatoppnåelse til departementet:

se punkt 5.2.2

5.3.1 Utarbeide planer med tiltak som rulleres årlig, vurdere ekstern forvaltning:

Molde Kulturbygg AS eig bygningsmassen, sceneteknisk infrastruktur og interiør. Det er tatt høgd for ein forsvarleg forvaltning av bygningsmasse og teknisk utstyr i driftsbudsjettet som saman med renter og avdrag på lån dannar grunnlaget for husleige krav til leietakarane (dei 5 institusjonane). Molde Eigedom er ansvarleg for teknisk drift av bygget (FDV). Dei fylgjer normene som ligg for forvaltning av Molde Kommunes eigedommar. Teatret Vårt eig teknisk utstyr for vår turneverksemnd og det ekstra scenetekniske utstyret som vi er åleine om behovet for. Teatret Vårt har investert/oppgradert bilpark og teknisk utrustning jamt over dei 10 siste åra slik at kvaliteten i dag er god. Kulturbygget Plassen har vore i drift i om lag 1,5 år. Vi er fortsatt ikkje 100% nøgde med alt i bygget. Molde Kulturbygg AS er fortsatt i ein prosess med reklamasjonar og dette vil medføre at ein vil gjere mindre endringar i bygget slik at til dømes alle tilsette får eit godt inn klima heile året. Reinholdstener er felles for huset og er eksternt forvalta. Det er ikkje laga til kalkyler og avsetnader i Molde Kulturbygg as for reinvestering i sceneteknisk utstyr som er faste installasjonar i bygget. Her må ein avklare grensene mellom felles sceneteknisk infrastruktur for huset som skal forvaltast av Molde kulturbygg as og investeringar som den einskilde institusjon er ansvarleg for. Dette gjeld også inventar.

5.3.2 Redegjøre for årlig forbruk og regnskapsmessige avsetninger til formålet:

Dette er ein del av felleskostnadene til Molde Kulturbygg AS. Budsjett for totale driftskostnader for 2014 er 4,5 millionar kroner. Det er blant anna satt av 382 000 kr til teknisk driftspersonale/vaktmestertener, det er avsett 370 000 kr er utviklingskostnader/reinvestering og 230 000 kr til reparasjonar og vedlikehald Teatret Vårt innehar personale med teknisk kompetanse og det gir difor ein positiv effekt på driftsutgiftene. En del problem som oppstår kan vi sjølve handtere.

Samarbeidsprosjekt

PLASSEN

Samboskapet med dei fire andre kulturinstitusjonane på PLASSEN har vist seg å ha den forventa synergi-effekten. Teatret Vårt har som den største aksjonæren i fellesskapet tatt på seg rollen som storebror, og teatret sine teknikarar og utstyrsparken vår blir brukt løpande av dei andre institusjonane i samband med publikumsarrangement. Direktør og rekneskapsavdeling på Teatret Vårt tar på seg administrative oppgåver for kulturbygget og bruker framleis mykje tid på oppfølging av reklamasjonar i forbindelse med bygget. Men resultatet av det nye samboskapet talar for seg sjølv. Meir enn 600 arrangement på PLASSEN genererte dei 5 institusjonane til saman i 2013. Dette talet dekkjer alle billetterte arrangement og alle møte for forskjellige interessegrupper som blei halde i lokala våre.

Jugendstil-senteret i Ålesund, utvalgte bibliotek i Møre og Romsdal

Vi planlegger en interaktiv skattejagt for barn rundt om på fylkets bibliotek, hvor en kombinasjon av oppgaver på nettet og geo-cashing skal sette deltakerne på sporet av et "Jugendspøkelse" som holder til i det fine Jugendbygget "Arbeideren", hvor Barneteatret Vårt også har lokaler.

Røde Kors, Asylmottaket i Molde, RVoksenopplæringscenteret i Molde og Romsdalsmuseet

Oppdag Molde. Se pkt. 4.2.1

Kulturskolen i Molde, ISTAD Aktiv, Molde international Jazzfestival

Med utviklingsmidler fra det lokale næringslivet produserte vi pilot-prosjektet "Snekker Andersen og Julenissen". Steinar Raknes komponerte ny musikk og 8 elever fra kulturskolen deltok i forestillingen. Vi planlegg å videreutvikle forestilling til en større dramatisering som presenteres i 2014; 100-året for Alf Prøysen.

Ålesund Kulturskole, Dramalinjen på Fagerlia Videregående i Ålesund

Tid til talent. Vi inngikk samarbeid om et fylkesdekkende talentutviklingsprogram

Rockheim, Ivar Aasen Tunet, Språkåret

I forbindelse med vor egenproduksjon "Lilla" samarbeidet vi om utviklingen av en web-side med skrive- og fotokonkurranse. Vi produserte et undervisningsmaterial med fokus på kjønns stereotypier i forskjellige ungdomsmiljøer og gjestespillet på Rockheim samtidig med at de viste utstillingen "I wish I was a real boy"

Samarbeid med Jugendteatret

Vi har heilt frå etableringa av Barneteatret Vårt hatt eit samarbeid med Jugendteatret om å skape opplevingar og aktivitet kring framsyningane til Barneteatret Vårt på vår faste scene "Arbeidern" i Ålesund.